

VEDLEGG 5 Tiltakshavers kommentarer til forhåndsuttalelser

Utdrag uttalelse Alver kommune

Kommunen viser til gjeldende planstatus på land og i sjø. Videre viser kommunen til forholdet til naturmangfold og observasjon av havelle i nærheten sjøkabeltraseen.

Kommunen oppsummerer også følgende: Anlegg for overføring eller omforming av elektrisk energi som nemnd i energilova § 3-1, konsesjonspliktige tiltak, er unntatt fra planlegging etter plan- og bygningslova, jf. pbl § 1-3 for slike anlegg er det berre pbl kapittel 2, 14 og § 12 A-13 i plan- og bygningslova som gjeld. Side 5 av 5 Anlegg som er gjeve konsesjon etter energilova § 3-2 krev planavklaring etter plan- og bygningslova, tiltak i strid med arealbruk og byggeforbød gjeve i pbl § 1-8 vil i slike tilfelle krevje at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon som skildra over.

Tiltakshavers kommentar

Tiltakshaver er kjent med gjeldende planstatus både på land og i sjø. Tiltaket (nettilknytning) med kabler og anlegg til sjøs anses som nettanlegg. Slike anlegg omfattes av anleggskonsesjon etter energilovens §3-1, og er unntatt fra behandling etter plan- og bygningsloven, jf. plan- og bygningsloven §1-3. Dette innebærer at det kan gis anleggskonsesjon og gjennomføres bygging uavhengig av gjeldende planstatus. Det er også åpnet i IKPS for utlegging av strømledninger til sjøs.

Observasjoner av havelle ligger omtrent 35 meter fra sjøkabeltraseen. Tiltakshaver vurderer likevel at havellen er innenfor influensområdet, særlig i utleggingsfasen. I driftsfasen, når kabelen ligger på sjøbunnen, er konsekvensen vurdert å være liten og ubetydelig for havelle på næringsøk. Under kabelutlegging kan det oppstå forstyrrelser grunnet bruk av utleggingsfartøy og tilhørende maskineri. Disse påvirkningene vurderes som begrenset både i tid og omfang, og det legges til grunn at havellen midlertidig kan/vil flytte sitt næringsområde til andre områder i denne korte perioden. Tiltakshaver er imidlertid bevisst på lokaliteten og vil, så langt det er mulig, ta hensyn til havellens behov i planleggingen og gjennomføringen av kabelutleggingen.

Tiltakshaver vil også sende søknad til Alver kommune om nødvendige tillatelser innen «Havne og farvannsloven»

Utdrag uttalelse Vestland fylkeskommune

Vi har per i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i areal som råkast av jordkabesjon på land. Vi har difor ingen avgjerande merknader til søknaden, utover at ein under gjennomføring av tiltaket søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m. Vi kan ikkje utelukke at det kan finnast ukjende automatisk freda kulturminne i areal som blir råka av tiltaket, og gjer for ordens skuld merksam på at tiltakshavar jf. kulturminnelova §8,2. ledd har plikt til å melde i frå dersom ein under arbeidet skulle støyte på funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne, t.d. gjenstandar av metall, flint, bergart, konstruksjonar av stein eller treverk, trekolkonsentrasjonar, m.v. Dersom dette skulle inntreffe skal arbeidet stansast i den utstrekning det kan skade funnstaden, og Vestland fylkeskommune varslast snarast råd. Arbeidet kan ikkje takast opp att før rette forvaltningsmynde har vurdert funnstaden

Tiltakshavers kommentar

Tiltakshaver er kjent med lovverket og vil etterleve det. Videre vil også tiltakshaver så godt som det lar seg gjøre, bygge anleggene på land uten skader på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m

VEDLEGG 5 Tiltakshavers kommentarer til forhåndsuttalelser

Utdrag uttalelse Bergen sjøfartsmuseum

Museet kjenn ikkje til kulturminne ved Fyllingsneset i Alver kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Tiltakshavers kommentar

Tiltakshaver er kjent med lovverket og vil etterleve det. For øvrig se uttales til Vestland fylkeskommune.

Utdrag Statsforvalteren i Vestland

Vi kjenner ikkje til viktig naturmiljø som kan bli negativt påverka av tiltaket. Vi konstaterer at tilgjengelege naturdatabasar òg er sjekka ut av søkar, og at strekinga vil bli undersøkt med ROV før kabellegginga. Vi legg til grunn at nye naturinngrep blir avgrensa til det som er nødvendig for å kunne utføre tiltaket, og at området blir stelt til att i tråd med moderne praksis. Vi gjer merksam på at den framande arten havnespy er funne i fleire hamneområde på Vestlandet. Tiltakshavar har ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med prosjektet.

Statsforvaltaren vurderer at tiltaket kan skje utan løyve etter forureiningslova. Forureiningslova § 8 første ledd nr. 3 seier at vanleg forureining frå mellombels anleggsarbeid kan skje utan løyve. Vi legg til grunn at tiltakshavar avklarar søknaden etter plan- og bygningslova med Alver kommune.

Tiltakshavers kommentar

Innspillene fra Statsforvalter vil bli etterlevd. Forholdene til Havnespy og risiko for spredning vil bli ivaretatt i prosjektgjennomføring bla med risikovurdering. Tiltakshaver har avklart forholdene til gjeldende planstatus med kommunen. Tiltakshaver vil også sende søknad til Alver kommune om nødvendige tillatelser innen «Havne og farvannsloven»

Utdrag uttalelse Fiskeridirektoratet

Fiskeridirektoratet vurderer at omsøkt kabel ikke vil ha vesentlige negative konsekvenser for utøvelse av fiske. Dersom søker får tillatelse ber vi om at følgende råd følges for å minimere konfliktpotensialet: Ledningen bør i så stor grad som mulig følge bunntopografien, og ikke ha frie heng i vannmassene. Ledningen må utformes slik at risikoen for at fiskeredskaper kan hekte i den er minst mulig.

Tiltakshavers kommentar

Sjøkabelen vil følge topografien og planlegges ikke med noe fri heng, utover når kabelen skal løftes fra sjøbunn og opp til fiskeoppdrettet. Imidlertid vil kabelen her bli festet langs en ankerline og således ikke representere noe mer fri heng enn det selve ankerlinen utgjør. For øvrig vil tiltakshaver etterleve rådene fra Fiskeridirektoratet.

VEDLEGG 5 Tiltakshavers kommentarer til forhåndsuttalelser

Utdrag Kystverket

Alle tiltak som kan påvirke sikkerheten eller ferdselen i farvannet er søknadspliktige etter havne- og farvannsloven § 14. Kystverket gir som utgangspunkt ikke forhåndsuttalelse til søker/tiltakshaver før den formelle saksbehandlingen er i gang, utenom generell veiledning når det gjelder tiltak etter havne- og farvannsloven § 14.

Ettersom omsøkte tiltak ligger i kommunens sjøområde, utenfor hoved- og biled, er det kommunen som skal vurdere tiltakets konsekvenser for sikkerheten og ferdselen i farvannet, og behandle en eventuell søknad etter havne- og farvannsloven.

Kystverket er klageinstans for kommunale vedtak etter havne- og farvannsloven og vil følgelig ikke kommentere tiltaket konkret.

Tiltakshavers kommentar

Tiltakshaver vil sende søknad til Alver kommune om nødvendige tillatelser innen «Havne og farvannsloven»